

# SØKNAD OM TILSKUDD TIL VERDISKAPING BASERT PÅ NATURARVEN - 2024

Foretaksnavn NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK

## Kontaktperson

Navn: Bengt Erlend Skjerdal

## Økonomisk aktivitet og kryssfinansiering

Søker utøver økonomisk aktivitet? Nei

## Utfyller

Navn: Bengt Erlend Skjerdal

Mottaker: Miljødirektoratet

Kopimottaker: Statsforvalteren i Vestland

SØKNAD

REFERANSENR.: 24SFE406

## Turskilting - frå sentrum til turmål 2024

I hvilket fylke skal tiltaket gjennomføres? Vestland

### Kartelementer markert i kart (kart kan sees i søknaden på søknadssenteret)

Type	Navn	Beskrivelse	Koordinater (nord/øst) UTM33
------	------	-------------	---------------------------------

Polygon	Prosjektområde for skilting	Prosjektområdet inkluderar natur- og friluftslivområder med turmål som skal skiltast til med sentrum som utgangspunkt.	6782765 / 78535 6782352 / 77757 6781039 / 78031 6780047 / 78795 6780413 / 79787 6778963 / 80337 6778230 / 80382 6777055 / 78917 6775818 / 79848 6775238 / 79299 6774948 / 76947 6773742 / 76459 6773101 / 75680 6774276 / 74199 6776108 / 75253 6777391 / 76245 6777910 / 77176 6778612 / 77329 6779849 / 77665 6781772 / 77497 6782734 / 77176 6783085 / 78367 6782765 / 78535
---------	-----------------------------	--	---

**Anslå varighet for tiltaket:** 01.02.2024 - 01.11.2024

#### Beskrivelse av tiltaket:

##### Bakgrunn:

Det har lenge vore omtala og sterkt ønska ei betre skilting i sentrum i Aurland og bygdene rundt. Grunnen til dette er at det i sentrum (oftast på sommaren) er store folkemengder, for det meste turistar/gjester som skal oppleve området og sliter med å finne ut av retningar og vegar i våre små, men lite oversiktelege sentrum.

Det vart utført eit prosjekt i Flåm i 2023 der reiselivet tok initiativ til og kostnaden med ei slik skilting. I samarbeid med oss i Verdsarvparken vart det planlagt og satt opp skiltpunkt/skilttre ved 7 ulike stader i og kring sentrum. Pilskilta inneheld namn på turmål/bedrift/funksjon, avstand i meter/kilometer, og piktogram i samsvar med merkehandboka. Dette tiltaket vart svært godt tatt imot og er til god nytte for gjestane våre.

I etterkant av sentrumsskiltinga i Flåm i 2023 vart Sti og Løypeplangruppa oppmoda om å setje dette på agendaen for Aurlandsvngen i 2024.

##### Tiltak

Prinsippet for sentrumsskilting er at ein lett skal kunne få ein forståing av om retning og avstand til ønska turmål/bedrift/funksjon. Et eksempel er stistart for turen til Dagsturhytta. Om ein gjest som stig i land på kaien i Aurland ynskjer ein tur til Dagsturhytta må hen gjennom sentrum og eit byggefelt for å finne fram til sjølve stistarten. Dette vil bli meir oversiktelege og ryddigare med ei god sentrumsskilting.

Utforminga er grøne pulverlakkerte aluminiumsskilt med utskåret tekst i gjennomfarga folie og laminat på begge sider. Storleik 430x120 mm. Desse vert festa på nymonterte stål stolpar med fundament, eller evt på eksisterande stolpar der det let seg gjere. (Sjå døme - vedlagt skiltplan for Flåm)

Nærøyfjorden verdsarvpark bidreg inn i prosjektet med erfaring frå tidlegare skiltarbeid og for å sikre at det vert skilta til turmål som er i tråd med sti og løypeplanen, dvs at det ligg føre grunneigaravtalar og at

turmålet kan marknadsførast. Frå sentrum er det aktuelt å skilte til 10 ulike turmål. Dette vil utgjere omlag 40 pilskilt tiltenkt turstiar og turmål. Basert på skiltprosjektet i Flåm ser me at stk pris pr. pilskilt inkl endefeste er omlag 1400,-.

#### **Beskriv samarbeidspartnere:**

I dette prosjektet kjem samarbeidspartane frå arbeidsgruppa for Sti- og løypeplan i Aurland representert av Aurland kommune, næringsliv, reiseliv, grunneigarar og Nærøyfjorden verdsarvpark. Aurland kommune vil ta seg av koordinering av prosjekt (som eigar av sti og løypeplan) og vil bidra med 1/3 av kostnad i skiltprosjektet. Deira andel skal m.a dekke skilting til kommunale/offentlege funksjonar. Næringslivet skal bidra med 1/3 av kostnaden, dvs skiltinga som er retta mot næring. Nærøyfjorden Verdsarvpark vil bidra med siste 1/3 i form av innkjøp av skilt knytt til vandring/turstiar/friluftsliv.

#### **Hvem er målgruppen og hvilken bruk ser man for seg?**

Målgruppa er tilreisande gjester og nyttilflytta innbyggjarar. Målet er at det skal bli lettare for alle å finne fram til funksjonar/næring i og kring sentrum, samt turmål/turløyper i områda rundt sentrum.

#### **Hvordan bidrar tiltaket til bred verdiskaping med langsiktig positiv effekt på natur, lokalsamfunn og næringsutvikling?**

God skilting er med på å styrke kvaliteten på Aurland som reisemål, auke turgleda for gjester og innbyggjarar og styrke området som eit berekraftig reisemål.

Då dette er med på å styrke besøksstyringa i området vil dette ha ein positiv effekt på både natur, lokalsamfunn og næringsutvikling.

Det vil gjere det lettare å styre gjestene våre fram til turmål som er vedteke i Aurland kommune sin Sti og løypeplan. Samtidig vil ein kunne skjerma natur der det ikkje er ønska ferdsel.

For lokalsamfunnet vil dette ha ein positiv effekt då gjestene vil finne lettare fram og ikkje gå feil og oppsøke byggefelt og områder kring sentrum som kjenner på dette som ei belastning.

For næringsutviklinga vil det bety at næringsdrivande i og utanfor sentrum (kanskje mest utanfor) vert meir synlege gjennom pilskilta og kan oppleve meir besøk av gjester som enten er på veg til eller frå eit turmål.

#### **Hvem eier grunnen der tiltaket skal gjøres (dersom det er et fysisk tiltak):**

Det er Aurland kommune som eig grunnen der skiltpunkta/skilttrea skal monterast.

#### **Hvem skal eie og vedlikeholde tiltaket i etterkant/hvordan skal arbeidet videreføres:**

Eigarskap og ansvar for vedlikehald vert lagt til arbeidsgruppa for sti og løypeplan.

#### **Nærmere beskrivelse ihht. Naturmangfoldloven:**

Skiltpunkta som skal monterast vil vera tilknytta veg og/eller sentrumsområde. Det er ingen lokale forhold eller natur på staden for fysisk tiltak som vert vurdert til å ha negativ påverknad på naturverdiane.

Det positive for naturmangfoldet er at me vil få styrt ferdselen ut i turområder som har ei god tåleevne og vekk frå naturområder og viktige beiteområder som treng meir skjerming og avlastning.

For å sikre mest mogleg omsyn til naturmangfold vil me på enkelte turmål sette opp enkel informasjon om td beite og båndtvang osv. då dette kan oppfattast som stadig veksande problemstillingar.

#### **Fremdriftsplan:**

11. januar - Vedtak om å sette i gang arbeid med skiltplan for sentrumsskilting i møte for sti og løypeplan

18. januar - Informasjonsmøte om sentrumsskilting i Aurland, ope møte

1. februar - oppstart forprosjekt skiltplan  
Mars - informasjonsmøte med presentasjon av førebels skiltplan  
April - Høyringsperiode og revidering av skiltplan  
Mai - finpuss på plan og bestilling av skiltmateriell.  
Juni - Montering av skilt og skiltpunkt  
Haust 2024 - Rapportering

## Budsjett

Kostnader	Beløp
Skilt + fester og stolpar	100 000
Fundament	10 000
Forprosjekt/skiltplan	30 000
Prosjektkoordinering	10 000
<b>Sum kostnader</b>	<b>150 000</b>

Finansiering	Beløp
Samlet kostnad	150 000
- Egne midler	0
- Andre offentlige tilskudd	0
- Annen finansiering	100 000
<b>Omsøkt tilskudd</b>	<b>50 000</b>

Beskrivelse av annen finansiering må oppgis når det er oppgitt beløp under andre offentlige tilskudd eller annen finansiering:

Aurland kommune: 50 000,-  
Lokalt næringsliv: 50 000,-

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Nei

Eventuelle merknader:

Kostnadsoverslaget er basert på samanlikning med tidlegare prosjekt - sjå vedlegg for skilting i Flåm.

## Vedlegg

📎 Skiltplan Flåm sentrum -05.05.23.docx (Annet)

 **Bengt Erlend Skjerdal for NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK**

---

Lvert 15.01.2024